



Innhaldsliste

Vi er ein Espira-barnehage	2
Kva er ein årsplan	2
Barnehagen sine fagområde	3
Barnehagen sitt verdigrunnlag	3
Barnehagen sitt formål og innhald	4
Barnehagen skal vareta barna sitt behov for omsorg	4

Årsplan 2023/2024

Espira Rubbestadneset

Foreldresamarbeid og foreldra sin medverknad.....	15
Tilvenning av nye barn	16
Samarbeid og samanheng med skulen.....	17
Espira sine satsingsområde	18
Lokale satsingar	19
Vurderingsarbeid.....	20
Kontaktinformasjon.....	21

Vi er ein Espira-barnehage

Espira består av om lag 100 barnehagar frå Lindesnes i sør til Levanger i nord. I Espira har vi eit mangfald av barnehagar med lokale tradisjonar og tett tilknyting til nærmiljøet. Vi har også noko som er felles for alle barnehagane. Vi har blant anna eit felles Barnesyn, felles satsingsområde og felles metodikk for kvalitetsvurdering og utvikling av den pedagogiske praksisen.

Årsplanen er bygd på barnehagelova og rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver.

Les om Espira sin faglege profil her:

www.espira.no

Espira Rubbestadneset i Bømlo kommune - Espira

Les fakta om barnehagen her:

Espira Rubbestadneset barnehage - Barnehagefakta.no

Kva er ein årsplan

I rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver står det at årsplanen skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsette rammeplanen sitt formål og innhald, og barnehageeigaren sine lokale tilpassingar til pedagogisk praksis. Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer barnehagen sine val og grunngjevingar.

Basert på årsplanen utarbeidar barnehagen planar for korte og lengre tidsrom, og for ulike barnegrupper etter behov. Desse planane vert publisert på vår digitale kommunikasjonsplattform, Spireportalen.

Barnehagen sine fagområder

I rammeplanen er det definert sju fagområde som barn skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter innanfor gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar. Fagområda skal ein sjå i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av barnehagen sitt innhald. Fagområda tilsvara i stor grad dei faga barna seinare vil møte i skulen.

Arbeid etter fagområda vert synleggjort i barnehagen sine periodeplanar og vekeplanar, i Spireportalen.



Barnehagen sitt verdigrunnlag

I følgje rammeplanen skal barnehagen sitt verdigrunnlag formidlast, praktiserast og opplevast gjennomgåande i barnehagen sitt pedagogiske arbeid. Rammeplanen konkretiserer verdigrunnlaget ved å løfte nokre områder som skal prege barnehagen sitt arbeid gjennomgåande.

Desse er: demokrati, mangfold og gjensidig respekt, likestilling og likeverd, berekraftig utvikling og livsmeistring og helse.

Barnehagen sitt verdigrunnlag skal ligge til grunn for alt arbeid i barnehagen.

Barnehagen sitt formål og innhold

Ifølgje rammeplanen skal barnehagen sitt innhold vere variert og allsidig og tilpassast enkeltbarn og barnegruppa. Arbeid med omsorg, danning, leik, læring, vennskap og fellesskap og kommunikasjon og språk skal sjåast i samanheng og bidra til allsidig utvikling. Rammeplanen har mål for personalet sitt arbeid innan desse fagområda. Vi arbeidar kvar dag mot desse måla.

I Espira arbeider vi systematisk med å heve kvaliteten på den pedagogiske praksisen. Vi har konkretisert rammeplanen sine mål om omsorg, danning, leik, læring, vennskap og fellesskap, kommunikasjon og språk og eit trygt og godt psykososialt miljø til kjenneteikn på kvalitet på den pedagogiske praksisen. Desse vert synleggjort i årsplanen vår.

Barnehagen skal vareta barna sitt behov for omsorg

Kva	
I vår barnehage anerkjenner vi barna sine kjensler.	Det skal vere rom for barna sine ulike kjensler, og vi skal i like stor grad vere saman med barnet i deira sinte eller triste kjensler som dei "gode".
Vi legg til rette for at ein gir barna moglegheit for ro og kvile i løpet av barnehagedagen.	Når barn har behov for ro og kvile skal dei få moglegheit til å ta ein pause, la tankane flyte, kunne trekke seg tilbake og søke ro, kvile og avslapping gjennom barnehagedagen.
I vår barnehage er måltida prega av trivsel og god stemning.	Måltidet skal vere ein sosial arena som gir gode moglegheiter for å skape gruppetilhøyring og trivsel, og vi skal fungere som gode rollemodellar, samtalepartnarar og støttespelarar under måltidet.
I vår barnehage møter vi barna med positive haldningar.	Vi skal ha eit barnesyn der vi ser på alle barn som unike og likeverdige individ. Vi skal vere støttande, vennlege og varme.

Kvifor

Omsorg er ein føresetnad for barn sin tryggleik og trivsel, og for utvikling av empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna moglegheit til å utvikle tillit til seg sjølv og andre. I barnehagen skal alle barna oppleve å verte sette, forstått, respektert og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehagen skal aktivt legge til rette for omsorgsfulle relasjoner mellom barna og personalet og mellom barna, som gir grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som også verdset barna sine eigne omsorgshandlingar.

Korleis

Slik jobbar vi i Espira Rubbestadneset med å vareta barna sitt behov for omsorg:

På avdeling Gullstein og Såpeboblene (småspirer) har me særleg fokus på god tilvenning når barna startar om hausten. Det vil sei at barna får god tid til å bli kjent med dei tilsette og til å bli trygge på avdelinga. I denne perioden får kvart barn ein fast tilsett som blir sin primærkontakt. Barn i denne alderen har ofte lite talespråk, og vi tonar oss inn på deira behov ved å blant anna følgje deira dagsrytme. Det er og viktig i denne alderen at dei tilsette forstår barna sitt kroppsspråk samt set ord på behov og kjensler som barnet har. På den måten legg vi til rette for at barnet blir sett og forstått. I måltida har vi fokus på omsorg gjennom blant anna å hjelpe barna til å finne ro ved måltidet samtidig som vi gjer rom til tull og tøys, for eksempel gjennom leik med språk. Dette fremjer samhandling og fellesskap.

På avdeling Sommarfugl og Mummitroll (mellomspirer) har vi fokus på å hjelpa barna i deira utvikling mot å bli meir sjølvstendige. Det vil sei at tilsette støtter, utfordrar og har tru på at barna klarar sjølv. I tillegg legg me vekt på at barna får hjelp til å sjølv kunne kjenne igjen og setje ord på kjensler. Dette er viktig for blant anna utvikling av empati og sjølvregulering. For å legge til rette for ro og kvile i barnehagen for dei mellomste barna er dagsrytmen jamleg på agendaen og blir justert etter behov. Vi bruker pedagogisk leikmiljø som eit verkemiddel for å legge til rette for ro og kvile gjennom dagen. Pedagogisk leikmiljø er kontinuerleg under utvikling for å blant anna treffe dei behova for ro og kvile som barna har. Måltidet er ein arena som gjer rom for omsorg og tilhørsle der tilsette stimulerer til gode samtalar som skaper fellesskapskjensle.

På avdeling SkulEspira fortset vi arbeidet frå mellomspirene med å forstå eigne og andre sine kjensler. Dette er viktig for både å kunne mota omsorg til seg sjølv, og for å kunne gje omsorg til seg sjølv og andre. Vi legg til rette for ro og kvile gjennom kontinuerleg arbeid med pedagogisk leikmiljø, ved å dele i mindre grupper, og gjennom barns medverknad finne fram til kva som er god ro og kvile for barnegruppa. Tilhørsle og sjølvstende er fortsatt viktig under måltidet, og tilsette stimulerer til rike og gode samtalar. Her øver vi på både å ta plass og å gje plass til andre. Vi er varme og grensesetjande tilsette som møter barn som unike og likeverdige individ. Med varme tilsette meinar vi blant anna tilsette som ser og anerkjenner barnet som den det er, og med grensesetjande tilsette meinar vi tilsette som set trygge grenser for at barnehagen skal være ein god plass for alle barn.

Barnehagen skal vareta barna sine behov for leik

Kva

Vi legg til rette for pedagogiske miljø som inspirerer til leik.	I vår barnehage skal det vere gode pedagogiske miljø som inspirerer til leik. Barna skal få mange leikeidear og lyst til å leike.
I vår barnehage observerer vi barna sin leik.	Vi skal vere "skrudd på" og "til stades" slik at vi kan gå inn og støtte barna ved behov. Vi skal ha auge for barna sin leik, relasjonar og det som skjer mellom barna.
I vår barnehage tilfører vi leiken begeistring og glede.	Vi skal legge til rette for spennande erfaringar og opplevingar. Vi skal glede oss saman med barna, bruke humor, varme og latter.
I vår barnehage får leiken god plass i dagsrytmen.	Korleis vi organiserer barnehagekvardagen påverkar for kva plass vi gir leiken.

Kvifor

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og ein skal anerkjenne leiken sin eigenverdi. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for barna si utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning, og engasjement gjennom leik – aleine og saman med andre.

Korleis

Slik jobbar vi i Espira Rubbestadneset med å ivareta barna sitt behov for leik:

På avdeling Gullstein og Såpebobler (småspirer) har vi fokus å legga til rette for gode pedagogiske leikemiljø. Barna i denne alderen er blant anna opptekne av å samle, tømme og flytte materiale. Leiken er prega av å herme etter kvarandre, bruka kroppen og leike ved sidan av kvarandre. Difor har vi leiker og materiell som ikkje har ein bestemt funksjon, men som kan nyttast på ulike måtar, også kalla «udefinerte materiealer». Vi har nok materiale slik at det kan stimulera til leik saman noko som igjen skapar eit fellesskap og ei kjensle av å høyre til. Leiken har ein stor plass i dagsrytmen vår. Tilsette ser barna sine initiativ og byggjer vidare på desse, -slik får barna vera med å påverka kvardagen sin. På denne måten gir vi barna medverknad til korleis leiken vert tilrettelagt; og leikemiljøa vert utvikla.

På avdeling Sommarfugl og Mummitroll (mellomspirer) fortsett vi å legga til rette for pedagogiske leikemiljø, og å gje leiken stor plass. Barna i denne alderen er i overgang frå parallelleik til samleik og rolleleik. Vennskap vert etablert gjennom leiken; og vi har fokus på vennskap og inkludering. Eit særleg fokus har vi på å leggja til rette for inkludering gjennom arbeid med leikemiljø. For å få dette til er det viktig at dei tilsette har kunnskap om- og er kopla på leiken til barna og ser kva

leiken treng til ei kvar tid. Det kan for eksempel handle om tema- og prosjektarbeid, kva material/leiker ein tilbyr barna og korleis ein møblerer avdelinga. Leikemiljøet er dynamisk og heile tida i utvikling. Det vil sei at tilsette er merksame på barna sine interesse og leikemiljøa blir endra og utvikla etter behov i samarbeid mellom barn og tilsette.

På avdeling SkulEspira har vi fortsatt fokus på leiken, det leikande barnet og dynamiske leikemiljø. Rollelek og leik saman med andre er det viktigaste for barn i denne alderen. Barna vert meir og meir sjølvstendige og uthaldande i leiken sin. Leiken er styrt av barns medverknad og interesse. På SkulEspira jobbar vi med å etablera vennskap, ta vare på vennskap som oppstår, invitera andre med i leik og invitera seg sjølv inn i leik. Skulespirene treng god plass til å utfalda seg i leiken sin, difor legg vi til rette for motorisk leik i naturen, både på tur, i Skulespireskogen og Rubbhallen.

Barnehagen skal fremme læring

Kva	
Vi legg til rette for eit pedagogisk miljø som inspirerer barna til nysgjerrigkeit og utforsking.	Barna lærer mest og best når dei kan utforske og verte nysgjerrige. Dei pedagogiske miljøa skal utvide barna sine erfaringar og skape moglegheit for progresjon.
Vi fordeler merksemada godt blant barna.	Vi skal fordele merksemada godt blant barna og vere medvitne på at alle barn skal verte sett og høyrt som enkeltbarn og i heile gruppa.
Vi dokumenterer barna sin læringsprosess i det pedagogiske miljøet.	Dokumentasjon synleggjer barna sine aktivitetar, kva barna er opptekne av og kva tema vi jobbar med. Dokumentasjonen skal vere synleg for barna og for andre.
I vår barnehage utfordrar vi barna si tenking.	Å utfordre barna si tenking handlar både om å ta barna sine tankar og meininger på alvor, samtidig utvide og ta dei vidare. Vi skal vise barna at vi er interessert i kva og korleis dei tenker.

Kvifor	
I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om deira lyst til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiell og reiskap som bidreg til meiningsfull samhandling. Barna si nysgjerrigkeit, kreativitet og vitebegjær skal anerkjennast, stimulerast og leggast til grunn for læringsprosessane deira. Barna skal få undersøke, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektivet og få ny innsikt. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessen. Barnehagen skal bidra til eit læringsfellesskap der barna skal få bidra i eigen og andre sin læringsprosess.	

Korleis
Slik jobbar vi i Espira Rubbestadneset med å ivareta barna sitt behov for læring:
På avdeling Gullstein og Såpeboble (småspirer) legg vi til rette for læring gjennom sansing og leik. Vi gjer barna opplevingar som gir inspirasjon til leik og læring. Leiken er barna sin læringsarena. Gjennom arbeid med leikemiljø legg vi til rette for å gje barna inspirasjon til læring. Vi tilsette bygger vidare på barn sin naturlege nysgjerrigkeit og interesser ved å vera undrande- og å stille opne spørsmål saman med barna. Slik kan vi igjen gje nye innspel til leiken som inspirerer og gjer rom for ny læring. Pedagogisk dokumentasjon er synleg for barna. Det vil sei bileter og anna dokumentasjon av det ein arbeider med i barnegruppa er tilgjengeleg i barn si høgde. Ved å ha pedagogisk dokumentasjon tilgjengeleg for barna kan dei ta del i og medverke til eigne læringsprosessar. Tilsette utvider barna si læring ved å gripe barna sine initiativ, interesser og nysgjerrigkeit og er på den måten deltakarar i barna si læringsutvikling.
På avdeling Sommarfugl og Mummitroll (mellomspirer) legg vi framleis til rette for læring gjennom leik. Vi legg til rette for aktivitetar og opplevingar som inspirerer til undring og læring. Vi bruker bøker med ulike tema tilpassa barna sin alder og modning som inspirasjon til læring, og gjennom arbeid med realfag får barna undre seg og vera nysgjerrige. Tilsette fangar opp barn sine interesser og initiativ og byggjer vidare på desse og gir barna nye innspel til leik og læring. Vi deler barna i mindre grupper i løpet av barnehagedagen. På den måten kan vi lettare sjå det enkelte barnet og legge til rette for deira læringsutvikling.
På avdeling SkulEspira jobbar vi med prosjekt og tema arbeid. Vi utvider barna sine perspektiver ved å følge opp deira interesser og initiativ. Vi jobbar med leikemiljø og gir barna opplevingar som inspirerer til læring. Gjennom samtalar med barn får tilsette innspel til kva barna er opptekne av, slik får barna vera med å påverka tema og prosjektarbeid, og på den måten medverke til eigne læringsprosessar.

Barnehagen skal fremme danning

Kva	
I vår barnehage møter vi barna med det dei er oppteken av.	Vi skal vere interessert i kva barna er opptekne av, og ta oss tid til å undersøke og fange interessene deira. Vi skal vere nysgjerrige på korleis verda ser ut frå deira ståstad, vere lydhøyre og vise barna at meiningane deira og opplevingane har tyding.
I vår barnehage støttar vi relasjonar mellom barn.	Vi skal vere til stades i leiken og samspelet, og skape eit barnehagemiljø der alle er med i eit inkluderande fellesskap.
I vår barnehage støttar vi barna i å utvikle eit	Barna skal oppleve å vere gode nok slik dei er, ha tru på eigne evner og eigenskapar, og utvikle eit positivt forhold til seg sjølv.

positivt forhold til seg sjølv.	
Vi legg til rette for at aktivitetar i barnehagen er meiningsfulle for barna.	Vi skal finne ut kva barna er opptekne av og legge til rette for at barna opplever at aktivitetane er meiningsfulle.

Kvifor
<p>Barnehagen skal støtte barna i å forhalde seg prøvande og nysgjerrig til omverda og bidra til å legge grunnlag for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap.</p> <p>Barnehagen skal fremme samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsettast og følgast opp. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktig for fellesskapet. Barnehagen skal bidra til å fremme barna si tilhøyring til samfunnet, naturen og kultur.</p> <p>I barnehagen skal barna få delta i slutningsprosessar og utvikling av felles innhald. Barna skal støttast i å uttrykke synspunkt og skape mening i den verda dei er ein del av. Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal barnehagen bidra til at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endringar.</p>

Korleis
<p>Slik jobbar vi med å fremme danning:</p> <p>På avdeling Gullstein og Såpebobler (småspirer) støtter vi barna i utvikling av eit positivt sjølvbilde. Vi gjev barna utfordringar som er tilpassa deira modning slik at dei opplever meistring og utviklar seg. Vi ser og støttar barna i deira utvikling av seg sjølv som individ ved å vera tilstades der barna er, på golvet saman med barna. Gjennom arbeid med leikemiljø legger vi til rette for leik, samspel og inkludering der barna får uttrykke seg og saman med tilsette skapa ei mening i fellesskapet dei er ein del av. Leikemiljøa er dynamiske og vert utvikla i saman med barna ved å ta tak i deira interesser og det dei er opptekne av.</p> <p>På avdelinga Sommarfugl og Mummitroll (mellomspirer) held vi fram med arbeidet som er lagt hos småspirene. Barnehagen legg grunnlag for at barna kjenner seg som deltarar i demokratiske fellesskap. I barnehagen sitt arbeid med pedagogiske og inkluderande leikemiljø arbeidar vi for at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktig for fellesskapet. Gjennom tema- og prosjekt arbeid får barna vera med og medverka som sjølvstendige og ansvarlege individ, og på den måten bidra til meiningskaping i eigen kvardag. I vår barnehage har vi fokus på mangfold. Vi fremjar kvart einskild barn sine positive sider og eigenskapar slik at dei får eitt positivt forhold til seg sjølv, og opplever seg som viktige for fellesskapet.</p>

På avdeling SkulEspira jobbar vi for at barna skal bli sjølvstendige og trygge på seg sjølve. Tilsette er med og støttar barna i deira utvikling. Vi hjelper barna med å ta andre sitt perspektiv og med å møte andre på ein god måte. Tilsette er lydhøyre for barna og rettleiar dei i møte med kvarandre slik at dei får gode erfaringar med kommunikasjon, konfliktløysning, og i å vera ein del av eitt demokratisk samfunn. Vi støtter barna i deira utvikling og legg til rette for aktivitetar som barna er opptekne av. Barna sine synspunkt blir tatt på alvor og blir tatt med i arbeidet og utviklinga av barnehagen sine satsingar, gjennom til dømes utvikling av inkluderande leikemiljø. På den måten er barna med på å skape aktivitetar som gir meiningsfullt i eigen kvardag.

Barnehagen skal fremme vennskap og fellesskap

Kva	
I vår barnehage er det ei blanding av organisering i større og mindre grupper.	I mindre grupper leikar ofte barna godt og vi vert meir sensitive for barna sine behov.
Vi hjelper barn som har behov for støtte i leik.	Vi har ansvar for at alle barn er inkludert i leik og at ingen barn fell utanfor leikefellesskapet.
I vår barnehage snakkar vi med barna om vennskap og fellesskap.	Vi skal støtte barna i utviklinga av sosial kompetanse og saman med barna sette ord på både godt og vanskeleg samspele. Vi skal sørge for at negative samspele mørnster ikkje festar seg.
I vår barnehage inviterer leiker og materiell til felles leik og samspele.	Det skal vere nok leiker og materiell til at mange kan leike saman, utvalet skal vere variert og inspirere barna til å leike.

Kvifor
Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheter, kunnskap og haldningar som utviklast gjennom sosialt samspele. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å ha verdi for fellesskapet og å vere i positivt samspele med barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt legge til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Barna sin sjølvkjensle skal støttast, samtidig som dei skal få hjelpe til å meistre balansen mellom å ivareta eigne behov og det å ta omsyn til andre sine behov.

Korleis
Slik jobbar vi med å fremme vennskap og fellesskap:

På avdeling Gullstein og Såpebobler (småspirer) legg vi til rette for leikemiljø og materiell som innbyr til samleik. For å fremje vennskap og fellesskap har vi nok materiell slik at barna kan leike saman. Vi har udefinerte materialer som kan brukast til ulike formål. Turar til Rubballen og leik i for eksempel barnehageskogen gir barna felles opplevelinger som er med på å skape grunnlag for utvikling av vennskap og fellesskap. Tilsette er tilstades i leiken og rettleiar barna for å hjelpe dei å meistre balansen mellom eigne behov og andre sine behov.

På avdeling Sommarfugl og Mummitroll (mellomspirer) startar vi barnehageåret med å bruke tid på å bli kjent med kvarandre. Vi brukar mykje tid på å skapa gode relasjoner gjennom leik og felles opplevelinger. For å fremja vennskap og fellesskap legg vi til rette for inspirerande og dynamiske leikemiljø som er skapt i samarbeid mellom barn og tilsette. I løpet av barnehagedagen deler vi barnegruppa inn i mindre grupper. I mindre grupper finn vi ofte god leik, og det er lettare for tilsette å sjå barn sine behov, og støtte utvikling av vennskap og fellesskap. I kvardagen er tilsette tilstades i leik og samspel med barna. På den måten kan vi hjelpe barna til å setja ord på når både gode og dårlige samspele oppstår. Vi har barnesamtalar og legg til rette for eit godt samarbeid med foreldra.

På avdeling SkulEspira har vi fokus på sosial kompetanse, og å skapa eitt fellesskap i gruppa. Barna kjem frå to avdelingar, og skal saman bli etablert som ei gruppe. Fokuset vårt er leik, leikemiljø og leikande tilsette som inspirerer til vennskap, inkludering og fellesskap. I arbeid med sosial kompetanse har vi fokus på korleis vi kan invitera andre inn i leik, og korleis ein inviterar seg sjølv med i leiken. Vi har fokus på å vera ein god ven. Skulespirene har sitt eige uteområde utanfor barnehagen som vi brukar. Denne skogen inspirerer til leik saman, og er ein fin arena for å utfalde seg, skapa vennskap og fellesskap.

Barnehagen skal fremme kommunikasjon og språk

Kva	
Vi forsterkar vår kommunikasjon med kroppsspråk og konkretar etter behov.	Vi skal vere reflekterte og medvitne på kroppsspråk, kva ord og setningar vi bruker i samtalar med barna, og bruke konkretar etter behov.
Vi brukar språket aktivt som støtte i leik og aktivitetar.	Vi skal bruke språket aktivt og støtte barna si språkutvikling i alle leikar og aktivitetar i kvardagen.
I vår barnehage sørger vi for at alle barn får moglegheit til å delta i samtalar.	Vi skal medvitent invitere barna inn i samtalar sjølv om dei ikkje ber om å vere med sjølv.
I vår barnehage leiker vi med språk, for eksempel	I eit godt språkmiljø inngår språkleik og vi skal vere språkleg medvitne når vi er saman med barna.

gjennom regler, rim, ordlek og fortellingar.	
-------------------------------------------------	--

Kvifor

Barnehagen skal vere medviten på at kommunikasjon og språk påverkar alle sider ved barn si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna verte støtta i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsette barna sine ulike kommunikasjonsuttrykk og språk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og alle barn skal få delta i aktivitetar som fremmer kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling.

Korleis

Slik jobbar vi med å fremme kommunikasjon og språk:

På avdeling Gullstein og Såpeboble (småspirer) fremjar vi kommunikasjon og språk ved å setja ord på og nevne det vi ser og gjer. Kroppsspråket er viktig for dei minste, vi legg merke til barna sitt kroppsspråk og brukar vårt eige kroppsspråk og talespråk for å understreka det vi gjer og opplever. Gjennom å bekrefte det barna seier og gjenta barna sine ytringar hjelper vi barna i deira språkutvikling. Konkreter blir brukt for å støtte opp om språk i for eksempel bøker og eventyr. Songar, rim og regler er verktøy som vi brukar for å leike med språket. Vi har bøker som er tilpassa barna sin alder, og vi les dagleg for barna. I løpet av barnehageåret har vi fleire språkveker. Då legg vi ekstra fokus på språk og bøker. Vi markerar verdas bokdag i april kvart år.

På avdeling Sommarfugl og Mummitroll (mellomspirer) fremjar vi språk og kommunikasjon ved å bruke tid saman med barna for samtalar og kommunikasjon. Dei tilsette si rolle er å legga til rette for tid for samtalar saman med barna, fordela merksemda mellom barna og løftar fram dei som ikkje byr så mykje på seg sjølv i samtale med andre. Vi lyttar til det barna er opptekne av, er lydhøye og brukar opne spørsmål i samtale med barn. Barnehagen har eitt rikt utval av bøker og spel. Vi spelar spel saman med barna utfrå deira alder og modning og vi les dagleg for barna. På biblioteket i barnehagen bytter avdelingane ut bøker slik at det vert ein variasjon i bøkene ein til ei kvar tid har på avdelinga. Vi tek barna med oss på lesestunder på Bømlo Folkebibliotek og vi har samarbeid med Rubbestadneset skule og skulebiblioteket. Vi har fokus på dialogen; turtaking i samtalen, både å snakke, men og å lytte til kva den andre har å seie. Ved å vera aktive tilsette i kommunikasjon med barna observerer vi barna og deira språkutvikling. Vi kartlegg barna sitt språk ved behov og har samarbeid med PPT dersom vi treng det.

På avdeling Skulespira fortsett me arbeidet med språk og kommunikasjon som ein har gjort på mellomavdelingane. Vi leikar med språket gjennom bruk av rim og regler. På SkulEspira har vi fokus på å lesa bilete. Det betyr at vi for eksempel øver på å kjenne igjen namnet sitt. Eitt anna mål er at alle barna skal kunne skrive namnet sitt i løpet av skulespireåret. Vi lagar fortellingar saman med barna utfrå for eksempel opplevelingar og teikningar som dei har laga. Vi tek barna med på lesestunder på det Bømlo Folkebibliotek, og fortsett samarbeidet med Rubbestadneset skule og skulebiblioteket. Vi brukar spel som er tilpassa barna si alder og modning i arbeid med språkutvikling.

--

Barnehagen skal sørge for eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø

Kva	
I vår barnehage skal alle barn ha det trygt og godt.	Vi skal førebygge tilfelle der barn ikkje har det trygt og godt ved å kontinuerleg arbeide for å fremme helsa, trivselen, leiken og læringa til barna.
I vår barnehage følger vi med på korleis alle barn i barnehagen har det.	I tilfelle der vi får kjennskap til, eller mistanke om, at eit eller fleire barn ikkje har det trygt og godt, skal vi undersøke saka og finne eigna tiltak.
I vår barnehage skal barnehagedagen vere noko barna ser fram til.	Vi skal sørge for at det er ein kultur som verdset og anerkjenner mangfaldet i barnehagen. Alle barn skal oppleve å vere ein del av eit fellesskap der dei er viktige og verte møtt med respekt, medkjensle og tryggleik.

Kvífor	
Eit trygt og godt barnehagemiljø inneberer at alle barn skal oppleve at dei er inkludert i barnehagegruppa, opplever å vere viktige for fellesskapet, og at det å gå i barnehagen er ei positiv oppleving som dei ser fram til. I barnehagelova står det at alle barn har rett til eit godt psykososialt barnehagemiljø. Om eit barn, foreldra eller barnehagen mistenker, eller har kjennskap til at eit eller fleire barn ikkje trivast i barnehagen, har barnehagen aktivitetsplikt. Det inneberer at barnehagen skal undersøke saka og lage ein plan med tiltak om saka krev det. Foreldre og barn skal verte involvert og medverke i prosessen.	

Korleis	
Slik arbeider vi for å fremme trygge og gode psykososiale barnehagemiljø: På avdeling Gullstein og Såpeboble (småspirer) fremjer vi eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø ved å bruka god til i oppstarten. Dette for å vareta det enkelte barn sine behov for å skapa eitt godt fundament for tryggleik og trivsel. Tryggleik er viktig for at barna skal kunne utvikle seg og læra nye ting. I løpet av barnehagedagen deler vi barnegruppa inn i mindre grupper. På den måten kan personalet lettare sjå kvart enkelt barn og deira behov. Tilsette rettleiar barna i høve til sosial kompetanse; det vil sei vi hjelper barna til å dela med kvarandre, vera gode med	

kvarandre, setja ord på kjensler og støtte barna i relasjonane med andre. Kvar dag skal barna møte tilsette som sett pris på at nettopp dei kjem i barnehagen. Alle skal kjenne seg velkommen og at dei har ei tilhørsle. Dette gjer vi blant anna ved å møte kvart barn og foreldre med "God morgen" på morgonen, og "Takk for i dag" på ettermiddagen.

På avdeling Sommarfugl og Mummitroll (mellomspirer) har vi fokus på vennskap og fellesskap. Kvar haust startar vi barnehageåret med å bruke god tid på å bli trygge på kvarandre. Barnegruppa endrar seg kvar haust, det kjem barn frå småbarnsavdelingane, gjerne heilt nye barn og dei eldste har byta til Skulespireavdelinga. Barnegruppa må få tid til å etablera seg, og vi brukar tid for å bli kjent med barna for at dei skal verta trygge både på dei tilsette og kvarandre. Vi lagar leikemiljø ut frå barna sine interesser, og vi har fokus på leikemiljø som skapar ein inkluderande arena der mange kan leike saman. Dei tilsette observerar barna og kvardagen deira. Vi deler barna inn i mindre grupper; då er det lettare å observera barna og sjå korleis det enkelte barnet har det. Dersom det er barn som ikkje trives eller har det godt i barnehagen set vi inn tiltak for å endra dette. Alle barn skal kjenne at dei høyrer til i Espira Rubbestadneset.

På avdeling SkulEspira brukar me og tid saman på hausten til å verta kjent med kvarandre, både barn og tilsette. For at alle barn skal kjenne at dei høyrer til har vi blant anna kvar haust eit prosjekt som vi kaller, "Mi utedør". Då går vi på tur til alle skulespirene sine hus, og barna får fortelje om seg og sin familie. På den måten vert vi kjent og vi bygger fellesskapskjensle. Fleire tilsette på Skulespira har PMTO- (Parent Management Training Oregon) kurs. Dette er eit godt verktøy i arbeid med eitt trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Vi set fokus på det vi vil ha meir av; og gir barna mykje ros for det dei er gode på. På den måten løftar vi fram kvart enkelt barn, men også barnegruppa som ein heilskap. Vi legg vekt på samarbeid, at vi saman er gode og at alle er like viktige. Barnehagen har eitt system for når vi oppdagar at barn ikkje har det bra. Det løyser ut aktivitetsplikta (barnehageloven), og saman med foreldra lager vi ein plan for å sikre at barnet har det trygt og godt i barnehagen.

Alle aldrar: I kommunedelplan for Oppvekst i Bømlo Kommune finn vi det overordna målet: «Alle barn skal kjenne at dei høyrer til og at det er bruk for dei». Dette målet er og viktig for Espira Rubbestadneset, og vi jobbar for at alle barn i vår barnehage skal kjenne at dei høyrer til og at det er bruk for dei.

Barn sin medverknad

Kva

Vi skal vareta barna sin rett til medverknad i barnehagekveldagen.

Kvifor

Barnehagen skal vareta barna sin rett til medverknad. Barna skal jamleg få moglegheit til aktiv deltaking i planlegginga og vurderinga av barnehagen si verksemd. Alle barn skal få erfare å få innflyting på det som skjer i barnehagen. Barnehagen skal vere medvitne på barna sine ulike uttrykksformer og legge til rette for medverknad på måtar som er tilpassa barnet sin alder, erfaringar, individuelle føresetnader og behov.

Korleis

Slik legg vi til rette for barn sin medverknad:

På avdeling Gullstein og Såpeboble (småspirer) let vi barna sine interesser og initiativ ligge til grunn for arbeidet vi gjer. Det vil for eksempel sei at vi lagar leikemiljø ut frå det barna interesserer seg for. På den måten får barna vera med å medverka i kvardagen sin. Vi observerer barna og kva dei er opptekne av, kroppsspråket deira og set ord på det dei gjer. Slik forstår vi kva barna vil, og gjer dei innflyting på eigen kvardag.

På avdeling Sommarfugl og Mummitroll (mellomspirer) legg vi blant anna til rette for barn sin medverknad ved å ha barnesamtalar med dei, to gonger i året. Gjennom desse samtalane kan vi få innblikk i kva barna er opptekne av og interessene deira. Her kan barna medverke til planar og vurdering av eigen kvardag i barnehagen. Vi lagar leikemiljø ut frå barna sine interesser og det dei er opptekne av, på den måten får barna vera med å påverke livet i barnehagen. Leikemiljøa våre er dynamiske, i utvikling og endrer seg i takt med barna, deira leik og læring.

På avdeling SkulEspira har vi barnesamtalar to gonger i året. Vi tek barna sine initiativ på alvor, og barna skal erfare å få innflyting på eigen kvardag i barnehagen. Leikemiljøet endrar og utviklar seg ut i frå barna sine interesser og kva dei er opptekne av.

Foreldresamarbeid og foreldra sin medverknad

Kva

Vi skal vareta foreldra sin rett til medverknad og arbeide i nært samarbeid og forståing med foreldra. Vi skal legge til rette for eit godt foreldresamarbeid. Foreldresamarbeidet skal skje på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppenivå gjennom foreldreråd og samarbeidsutval.

Kvifor

Samarbeidet skal sikre at foreldra får medverke til den individuelle tilrettelegginga av tilbodet. Både foreldra og personalet må forhaldas seg til at barnehagen har eit samfunnsmandat og verdigrunnlag som det er barnehagen si oppgåve å forvalte.

Korleis

Slik arbeider vi for å fremje eit godt foreldresamarbeid mellom heimen og barnehagen:

Den viktigaste arenaen for å fremja eitt godt foreldresamarbeid er gjennom dei daglege møta med foreldra. På morgonen der vi møter barne og foreldre med ”god morgon”, og på ettermiddagen der vi hjelper barnet med å fortelja noko om dagen. Vi nyttar Spireportalen til meldingar mellom foreldre og personalet; og til å gje rapportar om kvardagen vår.

Kvar haust har vi oppstartssamtale og oppfølgingssamtale for nye barn. Vi legg opp til to foreldresamtalar i løpet av eit barnehageår, ein på hausten og ein på våren. I tillegg har vi individuell oppfølging ved behov. Vi har avdelingsvise foreldremøte om hausten med informasjon om barnehagekvardagen vår.

Vi har eitt FAU (foreldrearbeidsutval) i barnehagen som består av ein foreldrerepresentant frå kvar avdeling. I tillegg har vi eitt SU (samabeidsutval) som består av to foreldrerepresentantar frå FAU, to representantar frå personalet og styrar. SU har som oppgåve blant anna å godkjenne årsplanen. Elles er SU og FAU organ som foreldre kan henvenda seg dersom dei har behov for det.

Tilvenning av nye barn

Kva

Ei god og trygg tilvenning legg grunnlag for ei god barnehagetid. Espira har ein eigen standard for korleis vi skal arbeide med tilvenning av nye barn: [Småspirestandard](#)

Kvifor

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å verte kjent, etablere relasjoner og knytte seg til personalet og til andre barn. Når barnet byrjar i barnehagen skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida slik at barnet kan oppleve tilhørsel og tryggleik til å leike, utforske og lære.

Korleis

Slik legg vi til rette for ei god tilvenningstid:

I tilvenningsperioden i barnehagen legg vi til rette for å bruka god tid. Dette gjeld både for dei barna som er nye, men også for dei som skifter avdeling. Vi har fokus på leik og relasjonsbygging i denne perioden. Det er viktig å sjå barna sine behov og legge til rette for at oppstarten vert trygg.

Før sommaren sender vi ut skriftleg informasjon til alle nye barn og barn som skal skifte avdeling. Her får ein informasjon om avdeling og tilsette. Nye barn er på besøk før sommaren på den avdelinga dei skal starte på. Denne rutinen gjeld også for barn som har oppstart andre tider på året. Kvart barn får ein fast kontaktperson i tilvenningen.

Vi følger Espira sin [Småspirestandar](#) ved oppstart og tilvenning.

Samarbeid og samanheng med skulen

Kva

Gode opplevingar med å vere eldst i barnehagen og møte med nye arbeidsmåtar og få erfaringar tilpassa det dei er opptekne av og interessert i. Barna skal verte kjent med skulen og kva som ventar dei. Mange kallar tilbodet til dei eldste for førskulegruppa, vi kallar det for SkulEspira.

Kvifor

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen legge til rette for at barna kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og eventuelt skulefritidsordning.

Dei eldste barna skal få moglegheit til å glede seg til å byrje på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehage og skule. Barnehagen skal legge til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheter som kan gi dei eit godt grunnlag og motivasjon til å byrje på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigkeit og tru på eigne evner. Barna skal få verte kjent med kva som skjer i skulen og fritidsordninga.

Korleis

Slik arbeider vi med skulespira:

SkulEspira er ei eigen avdeling i Espira Rubbestadneset. Avdelinga lokalisert i barnehagen sitt fellesområde. Skulespirene har sin eigen Skulespireskog som ligg på haugen rett utanfor barnehagen sitt området. Dette er eit eigna området i høve til leik og motorisk utfalding. På SkulEspira jobbar vi temabasert, det vil sei at vi har ulike faste tema som kjem gjennom året; som til dømes "Mi utedør", "Lucia"; og vi legg til rette for tema ut i frå kva barna er opptekne av. Arbeid med barnehagen sine fagområder vert innlemma i desse temarbeida. Vi har fokus på sosialkompetanse; vennskap og inkludering. Gjennom året på Skulespira legg ein grunnlag for barn si modige, sjølvstendige og ansvarleg deltaking i fellesskap med andre.

Rubbestadneset Skule er nærskulen vår; og den skulen skulespirene skal starte på. Vi har eitt godt samarbeid med skulen og gjer oss kjent i løpet av siste året i barnehagen. Det gjer vi for eksempel ved å nytta skulen sitt uteområde i feriane deira.

For å sikre ein god overgang frå barnehage til skule er det utarbeida ein plan for overgang mellom barnehagen og skule i Bømlo Kommune som me føl. I tillegg nyttar vi oss av overgangsskjema

som barnehagen leverer til skulen kvar vår. Dette overgongsskjemaet går vi gjennom på den siste foreldresamtalen i barnehagen. Vi legg og til rette for overgongssamtale med skulen dersom vi tenkjer at det er nyttig for overgangen.

Espira sine satsingsområde

Kva

Espira har tre satsingsområde: Språk, realfag og bevegelse. Desse områda er viktige for barna si heilskaplege utvikling og livslang læring. I Espira skal alle barn møte desse satsingsområda på varierte og spennande måtar.

Kvifor

Språk, realfag og bevegelse, i kombinasjon med eit sunt kosthald dekker grunnleggande område som er viktig for barna si utvikling her og nå, og i framtida. Kombinasjonen er viktig fordi kropp og hjerne heng saman og påverkar kvarandre gjensidig. Fysisk aktivitet påverkar barna sin trivsel og utvikling positivt. Realfagleg utforsking fremmer nysgjerrigkeit og vitebegjær. Realfaglege samtalar gir viktige språklege erfaringar, og språklege ferdigheter er igjen avgjerande for leik og læring. Samla gir våre satsingsområde barna verktøy til å forstå seg sjølv og verda, kommunisere og delta – og til å gi kropp og hjerne det dei treng for å spele på lag i leik og læring.

Korleis

Slik jobbar vi med språk, realfag og rørsle:

På avdeling Gullstein og Såpebobler (småspirer) jobbar vi med desse satsingsområda til Espira på ulike måtar. I høve til språk brukar vi songar, rim og regler. Vi brukar konkreter for å støtte opp om språket i for eksempel eventyr, bøker og songar. Talespråket til barna i denne alderen varierar. For å hjelpe barna i si språkutvikling set tilsette ord på det ein ser og gjer, og vi gjentar og bekreftar barna sine ytringar. I høve til realfag set vi opp realfagsveker jamleg gjennom barnehageåret. I desse vekene jobbar vi med realfag tilpassa barn sin alder og modning. I kvardagen undrar vi oss saman med barna over ting vi ser og gjer. Espira Rubbestadneset har eitt flott og variert uteområde. Dette nyttar vi oss av kvar dag. Her får barna bevegd seg og utfordra motorikken. Vi har ein barnehageskog på området vårt som inviterer til motorisk aktivitet og rørsle. Denne brukar vi aktivt. I tillegg brukar har vi vår næridrettshall, Rubbhallen. Her kan vi springe, leike og bevege oss saman på eitt stort område.

På avdeling Sommarfugl og Mummitroll (mellomspirene) vidarefører vi det arbeidet som er lagt til grunn hos småspirene. Vi leser bøker tilpassa barna sin alder og modning dageleg og tek dei med på lesestunder på Bømlo Folkebibliotek. Vi har eit rikt utval av spel som me spelar saman med barna tilpassa deira alder og modning. I realfagsvekene nyttar vi utstyr frå Forskerfabrikken. Her finns det ulike materiale og utstyr som vi kan nytte oss av for undring og utforsking. Vi er mykje i

aktivitet med mellomspirene og nyttar oss blant anna av barnehagen sitt område. I tillegg nyttar vi Rubbhallen; og går på lengre og kortare turar i nærmiljøet.

På avdeling SkulEspira har vi fokus på språk gjennom ulike aktivitetar. Vi har blant anna samarbeid med Rubbestadneset skule og skulebiblioteket deira. I tillegg besøker vi Bømlo Folkebibliotek jamnleg og deltek på lesestunder. Vi les dagleg for barna, spelar spel saman og legg vekt på å ta oss tid til gode samtalar med barn. I arbeid med realfag er vi nysgjerrige og undrar oss saman over det vi ser og opplever. Tilsette bruker opne spørsmål i møte med barna slik at vi saman kan finne ut av det som skjer. I arbeid med rørsle er Skulespirene mykje i sin eigen skog på haugen rett ovanfor barnehagen. Skulespireskogen innbyr til leik, rørsle og motorisk utfaldning. Her klatrar vi i trea, spring i ulendt terreng og er aktive. To gonger i veka er vi på kortare og lengre turar i nærmiljøet. Vi brukar og Rubbhallen til for eksempel regelleikar, ballspel og andre aktivitetar.

Lokale satsingar

Kva

Barnehagen sine lokale satsingar:

I Espira Rubbestadneset har vi eitt utviklingsarbeid (REKOMP) i samarbeid med NLA. Her jobbar vi med pedagogisk inkluderande leikemiljø og dei tilsette si rolle i leiken.

Kvifor

Utviklingsarbeidet vi har samarbeid med NLA om; har sitt utspring i resultat frå Foreldreundersøkjinga gjort av foreldre og BLIKK undersøkjinga (vårt eige systematiske vurderingsverktøy) gjort blant personalet. Resultata frå Foreldrundrsøkinga og BLIKK viser oss at det er nyttig for oss å satser på arbeid med pedagogisk inkluderande leikemiljø.

I tillegg har Espira valgt å samarbeide med STYD i barnehageåret 2023-2024 om utvikling av eit pedagogisk og inkluderande leikemiljø.

Resultata frå Foreldreundersøkinga og BLIKK samt samarbeidet med NLA (REKOM) og STYD gjer oss eit fagleg fokus i arbeidet med utviklinga av eit pedagogisk og inkluderande leikemiljø.

Korleis

Slik jobbar vi med lokale satsingar:

Tilsette i Espira Rubbestadneset held seg oppdatert på forskning innan inkludering og leikemiljø ved å blant anna lesa artiklar og jamleg arbeide med temaet. Pedagogmøter, avdelingsmøter og planleggingsdagar vert brukt til å reflektera og å skapa ei felles forståing for pedagogisk inkluderande leikemiljø og den tilsette si rolle i dette arbeidet. Saman med NLA jobbar vi oss mot dette målet:

Vi har eit pedagogisk og inkluderande leikemiljø og er medvitne dei tilsette si rolle i arbeidet med dette.

I barnehagen jobbar vi med utvikling av inkuderande leikemiljø ved å vera tilsette som ser det barna er opptekne av og som tek utgongspunkt i barna sine initiativ og interesse for å utvikle leikemiljøa. Vi legg fokus på at leikemiljøa skal innby til at fleire skal leike saman og inkludera kvarandre. Mykje av leikemateriellet vi har har ikkje ein bestemt funksjon, men kan nyttast til ulike formål og i ulike leikesettingar (udefinerbare material). Vi legg vekt på å ha mykje av lite materiell slik at barna kan leike saman og inkludera kvarandre i leiken. Dei tilsette si rolle er å vera tilstades saman med barna, legge til rette for leiken og utvikle leiken og leikemiljøet ut frå barna sine interesser og initiativ. Vi deler barnehagruppa i mindre grupper i løpet av barnehagekvardagen. I desse gruppene er det lettare å sjå kvart enkelt barn, deira interesser og behov.

Vurderingsarbeid

Kva

Vi skal jamleg vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal skildrast, analyserast og tolkast ut frå barnehagen sine planar, barnehagelova og rammeplanen. Vurderingsarbeidet handlar om at vi jobbar saman om å forbetre praksisen i barnehagen.

Espira har utvikla sin eigen systematiske vurderingsmetodikk, Espira BLIKK. Vi vurderer årleg kjenneteikna på kvalitet som er skildra under kapittelet "Barnehagen sitt formål og innhald". Anna kvart år kjem pedagogar frå ein annan Espira barnehage og observerer og vurderer den pedagogiske praksisen etter dei same kjenneteikna. Vi følgjer opp vurderingane med mål og tiltak for korleis vi skal utvikle kvaliteten på den pedagogiske praksisen vidare.

Kvifor

Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

Vurderingsarbeidet bygg på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Felles refleksjon over det pedagogiske arbeidet gir personalet eit utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring.

Korleis

Slik jobbar vi med vurdering:

I Espira Rubbestadneset jobbar vi systematisk i vurderingsarbeidet vårt. Vi har avdelingstiltaksplanar/periodeplanar som vi kvar månad har som tema på avdelingsmøter. I desse planane set vi oss mål og tiltak for å nå mål me set oss. Planane vert evaluert månadleg

BLIKK er Espira sitt vurderingsverktøy. Ein gong i året gjennomførar personalet ein VI (Vurdering Innenfra). I gjennomføring av ein VI tek vi utgangspunkt i 24 kjenneteikn som er henta frå Rammeplanen. Annakvart år kjem det pedagogar frå ein annan barnehage som gjennomfører VU (Vurdering Utenfrå) med utgangspunkt i dei same 24 kjenneteikna. I tillegg nyttar vi UDIR si Foreldreundersøking der foreldra vurderer barnehagen. Alle desse vurderingane skapar eit grunnlag for systematisk arbeidet med mål og tiltak.

Kontaktinformasjon

Styrar	Kjersti Nilsen
E-post	rubbestadneset@espira.no
Telefon	91592644
Adresse	Sollia 30, 5420 Rubbestadneset